



Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/2765 - 19/29413

Saksbehandlar:

Robert Lorang Hansen

robert.lorang.hansen@lindas.kommune.no

Dato:

03.10.2019

Representantar Alver ungdomsråd - Frå ungdomsskulane

Val av representantar til Alver ungdomsråd – frå ungdomsskulane

I tråd med med det Politisk reglement for Alver kommune (sjå vedlegg) skal det veljast 1 representant og 1 vara til Alver ungdomsråd frå kvar ungdomsskule (og dei private) i Alver kommune.

I reglementet står det «Medlem og vara frå ungdomsskulane vert valde etter framlegg frå elevråda».

Ungdomsrådet vert offisielt vald av kommunestyret, og skal opp som politisk sak i Alver kommunestyre torsdag 31. oktober.

Derfor må representantar vere klar innan **måndag 21. oktober** (valnemnda må ha liste med representantar klar minst 7 dagar før kommunestyret).

Alle ungdomsskulane må syta for å få gjennomført val av representantar i løpet av **veke 42**. Håpar at de kan hjelpa med å få dette gjennomført, sjølv om det ikkje er mykje tid.

Omfang og honorar

Alver Ungdomsråd vil så langt det er relevante politiske sakar, eller at ungdomsrådet sjølv krev det, møtast rundt 1 gong pr. måned på ettermiddag. Medlemmar som deltar på møte i ungdomsrådet får eit honorar på kr. 286,44 (leiar kr. 382,59).

Gjennomføring av val

I teorien kan elevråda ha opent val av representantar frå heile skulen.

Det anbefalas at dei no i haust tek valet internt i elevrådet, for å sikra at dei rekk det veka etter haustferien.

Kontaktperson for det nye ungdomsrådet vil gjerne møta elevråda når dei skal velje representant og vara, for å sikra god informasjon om kva oppgåver og forventingar som krevast om ein vil stilla som representant i eit ungdomsråd.

Kontaktperson er Robert Lorang Hansen. Det er flott om skulane sett av 1 time til eit møte i elevrådet, det bør vere god nok tid til å gjennomføre valet.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



For å få til å møta alle elevråda har kontaktperson følgjande forslag til dato på dei ulike skulane:

Meland ungdomsskule: Måndag 14.10 kl. 10:50-11:50

Danielsen ungdomsskule: Måndag 14.10 kl. 12:00-13:00

Rossland ungdomsskule: Måndag 14.10 kl. 13:30-14:30

Ostereidet Ungdomsskule: Tysdag 15.10 kl. 08:40-09:40

Knarvik Ungdomsskule: Tysdag 15.10 kl. 10:10-11:10

Lindås ungdomsskule: Tysdag 15.10 kl. 12:00-13:00

Nordhordland kristne grunnskule: Onsdag 16.10 kl. 09:00-10:00

Radøy ungdomsskule: Onsdag 16.10 kl. 10:30-11:30

Alternativ: De må gjerne komma med forslag om byte av tid. Eg er og ledig heile fredag, og kan finna tidspunkt der. Det er satt av ein time, men det brukast kanskje bare ein halvtime.

Opplæring

Både hovudrepresentant og vara må delta på felles opplæring for ungdomsrådet.

Opplæringa vil gjennomførast torsdag 7. november frå kl. 17:00 til fredag 8. november kl. 15:00 (med overnatting).

Meir informasjon om opplæringa vil bli gitt når representantane er klare.

Med helsing

Robert Lorang Hansen
Ungdomskoordinator

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Politisk reglement Alver kommune